# Årsmøte 1955

Osterøy Idrottsl. held årsmøte i Ungdomsh.
på Haùge Søndag 27/11-55 Kl. 14
Formann Lars O. Reigstad ynskte vel møtt
Det var heilt dårleg frammøte, 10 mann ialt
I skrivaren sitt fråvær, las Ivar Reigstad
opp årsmelding for 1955. Eit svært greidt og godt
oversyn for året som gjekk, og som han sjølv
hadde skrive. Asbjørn Reigstad vart vald til referent for møtet.
Årsmeldingi vart godkjend med desse merknader:
Øystein Vevle var krinsmeister i 30-Km. langrenn
og 2. mann på 15 km.
So vart rekneskapen oplesen av kasserarn Ivar Reigstad.
Det gjekk fram av den att midelen minka framleis,
men orsaki var den att det vart kjøpt inn
meir utstyr og reidskap enn åri før.
Det vart oplyst att fotballgruppa disponerar fritt,
dei midlar som dei fek inn på tilskipingar.
Formann gav melding om att det nye
orienteringslaget som er skipa på Valestrand, har
henta midlane som tilhøyrer gruppa i laget,
mot styret sitt samtykkje.
Det vart vedteke å ikkje gjera noko med
det fyrebils.

Valgi fekk soleis utfall:

Formann sa frå om attval og
Asmund Hagebø vart ny formann.
Asbjørn Reigstad varaformann
Asbjørn Midttun skrivar
Ivar Reigstad Kasserar
varamenn
Sverre Hartveit og Sveinung Lone

# Gruppestyri:

| | | |
|---|---|---|
| Fotball: | Form. | Aksel Solberg |
| | | Kåre Solberg |
| | | Bjørn Johannesen |
| Ski: | Form. | Jon Veule |
| | | Reidar Rongved |
| | | Sverre Hartveit |
| Fri-idrott: | Form. | Nils Valestrand |
| | | Ivar Reigstad |
| | | Lars Reigstad |
| Skeiser: | Form. | Reidar Birkeland |
| | | Johs. Loftås |
| | | Knut Reigstad |

Orientering:
Laget vart samd om å skriva til Torstein Mjelde, Sverre Kalleklev og Sigurd Eide om dei vilde taka seg av gruppa innan laget.

Innkrevjingsmenn:
Mjeldalen - Sigmund Mjelde, Hauge - Jon Veule
Valestrand - Endre Valestrand, Lonevåg - Asbjørn Reigstad
Grønskaret - Andreas Skjerping

## Lagspengar.

Som før - over 17 år Kr. 5 under 17 år Kr. 2
Fritt under 14 år

## Ordet fritt

Etter ein telefonsamtale med Olav Veuletveit der han opmoda laget om å tilråd senking av Borge-vatnet for Haus Komune, vart gjordt dette
Vedtak: Laget vil ikkje ha noko med slik tilråding å gjera.
Ivar Reigstad påtalde att laget har alt for få autoriserte fri-idrotts domarar, og att det var vand

å få tilkjend treningstevner på grunn av desse forhold.
Det vart då samröystes vedteke å kjöpa konkurranse-reglar og melda inn til domarpröve desse personar:

Asbjörn og Ivar Riigstad
Karl og Nils Valestrand og Einar Vevle

Formannen takka for seg, og helsa den nye tillitsmannen med plassen.
Deretter fekk kvar ein Fri-idrottsstatistikk for 1955, og so vart det premieutdeling for lagstevlingi i sumar.

Mötet slutt.
Referent av. Asbjörn Riigstad.